


For å sikre at det er tilstrekkelig breidde i høyringsgrunnlaget til at det gjennom høyringa ikkje kjem fram nye alternativ som er så avvikande frå det som har vore del av høyringa at det kan utløyse ein ny høyringsprosess, og for å sikre at fylkestinget har fått belyst saka tilstrekkelig og har eit best mogeleg grunnlag for å fatte si avgjerd våren 2020, meiner eg at det innanfor modell 3 òg bør leggest fram til høyring minst eit alternativ der Vestland er delt i tre inntaksområde. Eg meiner vi vil vere tente med at høyringsinstansane òg får gje sine synspunkt til eit slikt alternativ, særleg fordi dette vil vere ei meir omfattande endring frå no-situasjonen enn ei deling i to inntaksområde.

Fleire inntaksområde enn to kan vere eit reelt alternativ til modell 2b. Det vil gje elevane ei betre sikring mot lange reiseavstandar og det ein ser kan vere dei uheldige sidene ved reine karakterbaserte inntak enn to inntaksområde, samstundes som søkarane har mogelegheit til å velje mellom fleire skular innanfor volumprogramområda. Ulempa med ei inndeling i tre inntaksområde er at det kan vere vanskeleg å sikre god breidde i tilbudet innanfor inntaksområde, og at fleire tilbud vil måtte sjåast på som fylkesdekkande fordi eit inntaksområde ikkje har tilbudet. Det vil òg gje noko større grenseområdeproblematikk enn ved to inntaksområde, særleg fordi ein ved ei tredeling må avvike vesentleg frå dagens fylkesgrense mellom Hordaland og Sogn og Fjordane og dermed bryt inn i søkemønster som er etablert i dei to gamle fylka.

Etter mi vurdering er ei geografisk inndeling i samsvar med kartet under det alternativet for ei inndeling i tre inntaksområde det som best ivaretek omsyn til reisetid, balanse i elevtalsgrunnlag, høve til breidde i tilbud og mogelegheit til å dimensjonere ut frå arbeidslivet sitt behov. Etter mitt syn bør derfor òg dette alternativet takast inn i høyringsgrunnlaget og leggest ut på høyring.



Hilde Kvamsås Aa, hovudtillitsvald